



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Bygland kommune
Sentrum 18
4745 BYGLAND

Dato: 07.09.2023
Vår ref: 23/03591-2
Deres ref: 2020/273-186

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel 2023–2035 for Bygland kommune

POST- OG BESØKSADRESSE
Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON +47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 7. juli 2023.

DMF er statens fagorgan og sektormyndighet for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å legge til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndighet eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekommstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

Om saka

Bygland kommune har vedteke å legge forslag til kommuneplanens sin arealdel for perioden 2023–2035 ut på høyring og offentleg ettersyn.

Fråsegn frå DMF

DMF viser til vårt fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanen sin samfunnsdel og til oppstart av kommunal planstrategi, datert høvesvis 23. mars 2020 og 29. april 2020. Vi kan ikkje sjå å ha motteke varsel om oppstart til arealdelen.

I fråsegna ga vi informasjon om nasjonale forventningar, ivaretaking av mineralressursar i kommunalt planarbeid og relevante kartdatabasar.

Konsekvensutgreiing

DMF kan ikkje sjå at temaet mineralressursar er vurdert i konsekvensutgreiinga. Det fører til at verknaden på kjende ressursar ikkje er vurdert i forslag om ny arealbruk, og at kommunen difor risikerer å byggje ned tilgangen til ressursar i kjende uttak og førekommstar. Etter DMF sin vurdering driv difor ikkje kommunen med lokal eller



regional forvaltning av mineralske ressursar i tråd med nasjonale forventningar til kommunal planlegging¹ og Noregs mineralstrategi².

DMF har gått gjennom konsekvensutgreiinga og har merknadar til fleire av innspela. Alle innspela med merknad omfattar kjende sand- og grusførekommstar.

Innspel som omfattar råstoffutvinning

Følgjande innspel gjeld arealformålet råstoffutvinning:

- 44 – *Hækni*: vidareføring av råstoffutvinning
- 63.1 – *Eislandsmoen*: vidareføring og utviding av råstoffutvinning
- 63.2 – *Hæknineset*: vidareføring og utviding av råstoffutvinning
- 90.1 – *Urdviki*: frå LNF til råstoffutvinning
- 90.2 – *Bjånes*: vidareføring og utviding av råstoffutvinning
- 129 – *Skomemoen*: frå råstoffutvinning til næringsverksemd

Det kjem ikkje fram av konsekvensutgreiinga at innspel 44 og 63.2 omfattar førekommsten Hækne³, 63.1 omfattar Eislandsmoen⁴, 90.1 og 90.2 omfattar Storstraumen⁵, og 129 omfattar Skåmeåni⁶.

DMF kan ikkje sjå at det er gjort ein behovsvurdering av masseuttaka ut frå kommunens ressurssituasjon. For nye og utvida areal til råstoffutvinning bør det òg gjerast vurderingar om plasseringa er eigna ut frå transportavstandar til område kor etterspurnaden etter byggjeråstoff er høgst, i tråd med statlege planretningsliner.

For innspel 129 vil tiltak i tråd med nytt arealformål gjere førekommsten utilgjengeleg. Kommunen bør vurdere om formålet er i tråd med den lokale forvaltninga av mineralressursar og om det er gjenståande ressursar som skal takast ut. Endring av arealformål bør vere grunna i ei vurdering om massane er eigna som byggeråstoff og om massane bør vere teke ut før dei blir bygd ned av andre tiltak. Er det store nok grusreservar til at eit eventuelt uttak blir gåande utover planperioden bør området vidareførast som råstoffutvinning.

Øvre innspel

29 – Kvålsmoen, 57 Kvålsåna og 119/148 – Bygland Ijosløype

Innspel 29 foreslår ei omgjering av arealformål frå LNF til næringsverksemd, 57 frå LNF til andre typar bygg og anlegg og 119/148 frå LNF, bustad/forretning/kontor og anna byggeområde til idrettsanlegg. Det kjem ikkje fram av konsekvensutgreiinga at innspela omfattar sand- og grusførekommsten Bygland⁷. Tiltak i tråd med dei foreslegne arealformåla i innspel 29 og 57 vil gjere førekommsten utilgjengeleg, mens endring i

¹ Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20232027/id2985764/>

² Noregs mineralstrategi:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/norges-mineralstrategi/id2986278/>

³ Hækne: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=99403

⁴ Eislandsmoen: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=99405

⁵ Storstraumen: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=99433

⁶ Skåmeåni: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=99435

⁷ Bygland: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=99441



samsvar med 119/148 kan betre tilgjengelegheta. Kommunen bør vurdere om formåla er i tråd med lokal forvaltning av mineralressursar.

40 – Nesmoen sør, 128 – Nesmoen aust og 130 – Nese

Innspel 40 foreslår ei omgjering av arealformål frå LNF til bustad/næring, 128 frå LNF til næringsverksemد og 130 frå LNF til bustad. Det kjem ikkje fram av konsekvensutgreiinga at innspela omfattar sand- og grusførekomensten Nese⁸. Tiltak i tråd med dei foreslegne arealformåla vil gjere førekomensten utilgjengeleg. Kommunen bør vurdere om formåla er i tråd med lokal forvaltning av mineralressursar.

81/37 – Storestraumen, 86.1 – Storestraumen og 139 – Ellingstjønn skytebane

Innspel 81/37 foreslår ei omgjering av arealformål frå grøntområde/friluftsområde til andre typar bygningar og anlegg, 86.1 frå LNF til friområde og turveg og 139 frå LNF til idrettsanlegg. Det kjem ikkje fram av konsekvensutgreiinga at sand- og grusførekomensten Storstraumen⁵ blir omfatta av innspela. Tiltak i tråd med dei føreslegne arealformåla kan gjere førekomensten utilgjengeleg. Kommunen bør vurdere om formåla er i tråd med lokal forvaltning av mineralressursar.

91 – Øynesodden

Innspelet foreslår å endre arealformål frå LNF til fritidsbustad og småbåthamn. Det kjem ikkje fram av konsekvensutgreiinga at innspelet omfattar sand- og grusførekomensten Steinmoen⁹. Tiltak i tråd med arealformåla vil gjere førekomensten utilgjengeleg. Kommunen bør vurdere om formåla er i tråd med den lokale forvaltninga av mineralressursar.

93 – Austadneset og 118 – Heistad ljosløype

Innspel 93 foreslår ei omgjering av arealformål frå LNF til kombinert bygg og anlegg og 118 frå LNF til idrettsanlegg. Det kjem ikkje fram av konsekvensutgreiinga at innspela omfattar sand- og grusførekomensten Heistad¹⁰. Tiltak i tråd med dei føreslegne arealformåla vil gjere førekomensten utilgjengeleg. Kommunen bør vurdere om formåla er i tråd med lokal forvaltning av mineralressursar.

103 – Storestraumen

Innspelet foreslår å endre arealformål frå LNF til fritids- og turistformål. Det kjem ikkje fram av konsekvensutgreiinga at innspelet omfattar sand- og grusførekomensten Stigemo¹¹. Tiltak i tråd med arealformåla vil gjere førekomensten utilgjengeleg. Kommunen bør vurdere om formåla er i tråd med den lokale forvaltninga av mineralressursar.

113 – Byglandsfjord

Innspelet foreslår å endre arealformål frå bustad, forretning, industri og leikeareal til bustad/næring/grønstruktur/idrett. Det kjem ikkje fram av konsekvensutgreiinga at innspelet omfattar sand- og grusførekomensten Byglandsfjord¹². DMF vurderer at forslaget ikkje endrar føresetnadane for førekomensten i kommande planperiode, men

⁸ Nese: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=99439

⁹ Steinmoen: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=99443

¹⁰ Heistad: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=99421

¹¹ Stigemo: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=99437

¹² Byglandsfjord: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=99451



det bør likevel gå fram av konsekvensutgreiinga at det er ein førekomst som er omfatta av tidlegare og ny arealbruk.

135 – Åraksbø og 138 – Åraksbø

Begge innspela føreslår å endre arealformål frå LNF til parkering. Det kjem ikkje fram av konsekvensutgreiinga at innspela omfattar sand- og grusførekomsten Haugmoen¹³. Tiltak i tråd med arealformåla vil gjere førekomsten utilgjengeleg. Kommunen bør vurdere om formåla er i tråd med den lokale forvaltninga av mineralressursar.

Råstoffutvinning

Det er berre uttaket på Nesmoen som har driftskonsesjon, jf. minerallova § 43. Uttaket er avsett til råstoffutvinning i planforslaget. Kommunen har i tillegg fleire uttak kor det ikkje er registrert uttak dei seinare åra. DMF saknar en heilskapleg beskriving i planomtala av arealformålet råstoffutvinning, utover det som bør stå i konsekvensutgreiinga. Kommunen har sett av fleire areal til råstoffutvinning i planforslaget og utvidingar av masseuttak, utan at det byggjer på ei vurdering av tilgangen til og behovet for byggeråstoff. DMF ser at alle områda kor det tidlegare er registrert uttak er avsett til råstoffutvinning.

Føresegn

Plankrav

§ 2.1 *Plankrav* i forslaget til føresegner, krev reguleringsplan for tiltak nemnt i plan- og bygningslova § 20-1 a, d, k og l. DMF vurderer at masseuttak normalt fell inn under bokstav a) anlegg og k) vesentleg terrenginngrep, og at kommunen dermed har fleire moglegheiter til å krevje reguleringsplan for masseuttak. Dette er i tråd med våre tilrådingar. Regulering bidrar til å sikre openheit, framsyn og medverknad for alle interesser og myndigheter, der det blir lagt vekt på langsiktige løysningar og beskriving av konsekvensar for miljø og samfunn, og gir føreseielege rammar for masseuttaket.

Råstoffutvinning

Kommunen bør vurdere om deler av føresegn knytt til minerallova under § 3.1.5

Område for råstoffutvinning, bokstav c) og d), skal bli gjort om til ein retningsline som blir utforma på følgjande, eller liknande måte:

Drift ved uttak av mineralske ressursar skal skje i medhald av føresegn i minerallova med gjeldande forskrifter, samt vilkår i tillating etter lova. Uttak over 500 m³ er meldepliktig, og uttak over 10 000 m³ krev driftskonsesjon. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) er myndighet etter minerallova.

Krav om kartlegging av naturmangfald og krav om regulering kan framleis stå som føresegn. Det bør bli presisert kva hensikt buffersona nemnt i bokstav b) skal ha.

Massehandsaming

Noregs mineralstrategi² og nasjonale forventningar¹ framhevar å nytte overskotsmassar til samfunnstenlege formål, og korleis det kan bidra til ein meir klima- og miljøvenleg mineralnæring og bygg- og anleggssektor. Vi kan ikkje sjå at det ligg føringar i kommuneplanen om ein meir heilskapleg forvaltning av byggeråstoff og overskotsmassar, og ein meir berekraftig ressursforvaltning. Kommunen bør vurdere å

¹³ Haugmoen: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=99425



krevje utarbeiding av massehandsamingsplanar ved større utbyggingstiltak der det er forventa utskifting av store mengder massar.

Kommunen kan i den samanheng sjå til ressursrekneskap og levetidsanalyse for Agder¹⁴, som mellom anna viser at Bygland ikkje har gjenståande levetid for byggeråstoff. Rekneskapen vart utarbeidd etter at vi ga fråsegn til samfunnsdel og planstrategi. Rekneskapen viser ikkje uttaket på Nesmoen, då dei fekk tildelt konsesjon i starten av 2023. Statistikken inkluderer ikkje overskotsmassar frå bygg- og anleggsbransjen og massar som går til eksport.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Henning Sigstad
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Mottakarar:

Bygland kommune

Sentrums 18

4745 BYGLAND

Kopi til:

Statsforvalteren i Agder

Postboks 504

4804 ARENDAL

¹⁴ Ressursrekneskap Agder:

<https://dirmin.no/tema/ressursforvaltning/dmfs-ressursregnskap-byggerastoff/agder-0>